

Stor aktivitet rundt SPAR

20.08.2009



**At det er stor aktivitet rundt den populære SPAR-butikken i Uskedalen er ikkje nytt, men torsdag har aktiviteten vore ekstra stor.**

I 'den eine enden' (biletet over) lokka Gunn Mari og Kjersti kundane med frukost mellom dei varme vindkasta og mange let seg frista sjølv om vinden truga med å riva osten av skiva. Eit hyggeleg treff, var konklusjonen. Faktisk åt så mange som rundt 50 frukost i det fri, men etter rundt halvannan time fekk serveringa ein naturleg slutt. Då bles frukosten over til naboen!

I 'den andre enden' var arbeidet med snikringa av eit tak over varemottaket i full gang (biletet under). Det er Kvinnherad Byggpartner (Frode Bu) som har oppdraget. som firmaet også hadde ansvaret for innreiinga av bustadane oppå butikken.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

